

Årsmelding for Kaupanger sokneråd 2014



Årsmelding for Kaupanger sokneråd 2014



Innleiing

Soknerådet ønskjer med denne årsmeldinga å gje innsyn i det arbeidet som er gjort i soknet gjennom året.

Soknerådet, som er valt for fire år, er frå 1. november 2011 samansett slik:

Leiar:	Kari Alme
Nestleiar :	Norunn Finden Hellebø
Kasserar:	Ove Hundershagen
Skrivar:	Aslaug Eikemo
Styremedlem:	Ulike prestar fram til sommaren 2014. Frå august 2014: Kjell Olav Nordheim
Styremedlem:	Jan Petter Vadheim
Styremedlem:	Anders Bjørk
1. varamedlem:	Christoffer Knagenhjelm

Representantar til fellesrådet:

Medlem:	Anders Bjørk
Varamedlem:	Norunn Finden Hellebø

Representantar til Forstandarskapet for Stiftinga Stedjetunet:

Medlem:	Anne Lille-Homb	2014-2018
	Eivind Ruud	2012-2016
	Eivind Sønstegård	2012-2016
Varamedlem:	Tone Sætre Systad	2012-2016
	Arne Bjelde	2014-2018

Kaupanger sokneråd har hatt 10 møte og handsama 44 saker i 2014. Dette er saker i samband med desse områda:

Diakonitenesta i kyrkja.

Diakoni er evangeliet i handling og vert uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd (Plan for Diakoni, 2010). Diakonalt arbeid er kyrkja si omsorgsarbeid, utført av frivillige, andre tilsette og diakon. Diakoni er kyrkja sitt "kroppsspråk", som eit uttrykk for samanhengen mellom liv og lære, tru og handling. Mange menneske yter og får omsorg av sine medmenneske i Kaupanger sokn - mykje diakonalt arbeid skjer "i det stille" – eit av kjenneteikna for diakonien.

Diakonen.

Gitte Therkelsen Torstad hadde 100% stilling som soknediakon i 2014. Stillinga er finansiert med 50% støtte frå bispedømet og noko støtte frå sokneråda. Fellesrådet yter resten og har arbeidsgjevaransvar. Gitte avslutta masterstudiet i diakoni i mai 2014. Hausten 2014 starta ho på ei sorgutdanning ved Det Psykologiske fakultet i Bergen, eit studium som er samlingsbasert på nokre veker fordelt over to år.

Arbeidsoppgåvene til diakonen er knytt til sokna i Norum, Fjærland, Kaupanger og Stedje. Diakonen skal leia kyrkjelyden si omsorgsteneste og ha gudstenestelege oppgåver og medansvar for å rekruttera, utrusta og rettleia frivillige medarbeidarar (Tjenesteordning for diakoner, 2004).

Diakoniutvalet.

Diakoniutvalet består av medlemmer frå alle fem sokna i Fellesrådsområdet Sogndal og Leikanger kommune. Diakoniutvalet er eit samarbeidsorgan som saman med diakonen koordinerer tiltak, drøftar prosjekt og tenester som ein ynskjer å arbeida med

Frå Kaupanger sokn er May Kristel Bødal medlem og Norunn Finden Hellebø varamedlem. Utvalet hadde 3 møte i 2014 og drøfta 13 saker. Drøftingane har særleg vore konsentrerte om dei ulike aktivitetane som er i sokna. Det har særleg vore drøfta korleis ein skal leggja til rette for ei ny trus- og livsforteljingsgruppe/Livets skattkiste i 2015. Besøkstenesta held fram, det same gjer konfirmantarbeidet.

Asylsøkjjarar på Kaupanger: Det har vore drøfta ved fleire høve at det kan vera naturleg med eit samarbeid mellom kyrkja og asylmottaket, sidan mottaket ligg på Kaupanger.

Nokre av diakonen sine oppgåver i 2014:

Konfirmantarbeid: Diakonen har særleg ansvar for konfirmantar som treng ekstra oppfylgning og tilrettelegging, og kontakt med foreldra deira. Har også noko undervisning. Er medleiar med faste planleggingsmøte og gjennomføring av konfirmantdagane og har delteke i gudstenester der konfirmantane har medansvar/er involverte. Er med på tilrettelegging og planlegging av Fasteaksjonen.

Sorgarbeid: Utsending av brev med tilbod om samtale til den næraste pårørande etter dødsfall. Telefonkontakt og vidare oppfølging til pårørande som ynskjer det etter dødsfall. Fleire menn enn før har teke imot tilbodet. Det har ikkje vore sorggruppe dette året, men diakonen har gjennom året hatt fleire sjelesorgsamtalar med menneskje i ulike livssituasjonar.

Elles arbeider diakonen med besøksteneste/venneteneste, ho har hatt ein student frå Zambia i praksis (i samarbeid med Høgskulen), ho har delteke på gudstenester i alle fire sokna, og frå september 2014 vart det bestemt at diakonen kan forretta ved gravferd, etter avtale mellom sokneprest, prost, kyrkjevevje og diakon.

Kaupanger kyrkjelyd har elles både tekstlesarar og kyrkjevertar, og soknerådet legg vekt på kyrkjekaffi ved nokre av gudstenestene. Konfirmantane er også medhjelparar ved gudstenestene. Dette er tenester og arbeid som vert forstått som diakoni. Anna diakonalt arbeid er treff for 50- årskonfirmantar, generelt konfirmantarbeid, oppfylgning av konfirmantar ved behov og trusopplæringsarbeid.

Ein vil elles sjå at mykje av det som kjem under neste avsnitt, **Trusopplæring**, også er diakonalt arbeid.

Trusopplæring.

Trusopplæringsleiar Guri Høstaker Nordheim laga i 2011 -12, saman med soknerådet i Kaupanger, ein trusopplæringsplan for Kaupanger sokn som vart godkjend av biskop Halvor Nordhaug i 2012. Skuleåret 2013-14 hadde Guri H. Nordheim permisjon frå stillinga som trusopplærar og Nils Einar Berget var vikar for henne. Frå august 2014 er Monica Ugulsvik tilsett som trusopplærar i Sogndal og Leikanger. Tone Sætre Systad er Kaupanger sin representant i trusopplæringsutvalet.

Trusopplæringa i Kaupanger jobbar mot eit mål:

At barn og unge, gjennom å dela tru og undring, skal læra å kjenna den treeinige Gud og veksa i trua på Han. At barn og unge kjenner seg heime i kyrkjelyden og erfarer eit raust og godt fellesskap der.

Me ynskjer å bidra til at foreldre ser seg sjølve som viktige medarbeidarar i trusopplæringa og å leggja til rette for eit godt samarbeid med dei.

0-1år.

Velkommen til dåp. Det vert halde dåpssamtale med alle som har dåp i kyrkja. Då får foreldra heftet: «Nu lukker seg mitt øye» og ein CD med dei same songane og bønene. På dåpsdagen får alle dåpsborna eit dåpslys. Tanken er å tenna lyset kvar dåpsdag for å minnst det som hende i dåpen.

Babysong. Det har vore samlingar på bedehuset i Kaupanger våren 2014. Dette er ein aktivitet som er tilrettelagt for foreldre og born i samspel. Samlingane vart leia av Olga-Marie Nondal Marøy. Hausten 2014 har det vore nokre deltakarar frå soknet på babysongen i Stedje.

1-3 år.

1-2-3 Småtrolltrall. Om lag annankvar veke har det vorte arrangert songstund for dei borna som er for store til Babysong. Det skjer på ettermiddagar med tanke på at mange foreldre ikkje har høve til å fylgja borna, som er større enn eitt år, til aktivitetar på dagtid. Småtrolltrall vert leia av Anne Lille-Homb, og dei held til i bedehuset

4år.

Fireåringane får bok. Fireåringane i soknet fekk invitasjon til å motta «Mi kyrkjebok 4» med arbeidshefte og 2 CD-ar, og 14 møtte til gudsteneste den 28.september.. I førekant var 4-åringane inviterte saman med familien og fadrar til ein undringstime i kyrkja, der målet var at 4-åringane skulle verta kjende og trygge i kyrkja og læra om dåpen. Det møtte 10 fireåringar til denne undringstimen. Prest, trusopplærar og ein frivillig medarbeidar hadde ansvar for desse samlingane. Konfirmantar var også med.

6 år og oppover.

Det har vore skulestartgudsteneste i soknet. Her var alle som skulle begynna på skulen, inviterte til kyrkja for å få «Mi kyrkjebok 6». Det møtte 25 spente 6-åringar til gudstenesta,

Tårnagenthelg. Tårnagenthelg er eit fellestiltak for åtteåringane i alle fem sokna. Det var planlagt Tårnagenthelg i Stedje kyrkje i 2014, men på grunn av skifte i trusopplærar – stillinga, vart dette utsett til januar 2015.

11 år.

11-åringane fekk Bibelen. Ved gudstenesta den 2.februar kom 10 av 16 inviterte 11-åringar og fekk Bibelen.

Livets skatteките. Dette er eit opplegg som gir 11-åringane høve til å gå inn i besteforeldre – generasjonen si barndomsverd. I 2014 vart det ikkje arrangert Livets skattkiste p.g.a. skifte i trusopplærarstillinga, men ein tek sikte på å arrangera det hausten 2015.

11 til 13 år.

Pangstartleiren. Pangstart er ein leir for 11-13- åringar i sommarferien. Leiren er på Lyngmo og er eit samarbeid mellom kyrkja i Sogndal og Luster. Totalt frammøte frå Sogndal og Leikanger var 9 jenter og 7 gutar, så her bør me arbeida for å få med oss fleire. Leiren skal arrangerast også i 2015.

Konfirmantarbeidet.

29. mai 2014 vart 20 ungdommar konfirmerte i Kaupanger kyrkje. Av dei 20 døypte (fødde i 1999), med bustadadresse i soknet, melde alle seg til konfirmantundervisning. Ein av dei vart døypt før konfirmasjonen. 30.mars var det samtalegudsteneste med kyrkjekaffi på Kafe Knaken etterpå.

Søndag 31.august vart dei nye konfirmantane presenterte ved gudstenesta. 15 konfirmantar var påmelde. Laurdagen før hadde dei fyrste samlinga si i kyrkja.

Konfirmantåret består av fellessamlingar, gudstenestefeiring, individuelle samtalar og tur.

Konfirmantane er gudsteneste-medhjelparar, og dei gjer ein stor innsats under fasteaksjonen.

Den 24. mars samla konfirmantane inn 20 644 kroner til Kirkens Nødhjelp.

Ungdomsarbeid.

Leiartrening. Alle konfirmantane frå 2013/14 kulla vart inviterte til å vera med som frivillige medarbeidarar vidare. Før *Pangstart*-leiren i august vart det gjennomført ein leiartrenings-leir for ungdom. Her fekk dei innføring og opplæring i kva det vil seia å vera med som leiar i kyrkjeleg barne- og ungdomsarbeid. Dei vart med vidare som hjelpeleiarar på *Pangstart*-leiren. Dette er eit tilbod til ungdom frå Sogndal, Leikanger og Luster. Ingen konfirmantar frå Kaupanger var med dette året.

Samarbeid kyrkje/skule/barnehage.

- Furuli barnehage var før jul på kyrkjebesøk og pynta med englar i kyrkja.
- Kaupanger skule hadde skulegudsteneste til jul og til påske, to gudstenester kvar gong. Her er elevar og konfirmantar medhjelparar.

Nokre einskildsaker og hendingar frå 2014.

- På soknemøtet den 2.april 2014 tok soknerådet opp saka om felles kyrkjekontor med Leikanger. Soknemøtet var positive til dette og det vart samrøystes vedteke. På eit fellesmøte for alle sokneråda og dei tilsette på kyrkjekontoret i Fjærland den 30.oktober 2014 vart det markert at samarbeidet mellom Sogndal og Leikanger var vorte permanent.

- På soknemøtet tok også soknerådet opp saka om kjøp av nye salmebøker. Soknerådet bad soknemøtet om fullmakt til å arbeida vidare med saka og fullmakt til å kjøpa inn salmebøker. Slik fullmakt vart samrøystes gjeven. I møte 16. september vedtok soknerådet å kjøpa 80 salmebøker, og bøkene er no for lengst tekne i bruk.
- Det vart våren 2014 kjøpt inn tre nye konfirmantkapper, i store storleikar.
- Det er tradisjon at dåpsborna får dåpslys. I 2014 fekk soknerådet tilbod om å kjøpa enkle og fine lysestakar som var laga ved fengselet i Vik og kjøpte difor inn slik at ein har eit lite lager.
- Tysdag 29.april var det dugnad på kyrkjegarden. 13 personar møtte og i løpet av 11/2 time var det meste gjort. Veret var fint og etterpå tok folk seg tid til ein kopp kaffi og ein prat.
- Vitus-messe 16. juni. Kyrkjekaffi.
- 2.april: Kyrkjelydsfest/årsmøte/soknemøte for Kaupanger sokn. Det var andre gong soknerådet kombinerte årsmøtet med kyrkjelydsfest og soknemøte, og det vart ei hyggjeleg stund i bedehuset. Jostein Heggstad hadde laga ein flott bilde-quiz der me fekk prøvd lokalkunnskapen vår, og Eirik Albretsen, elev i 9.klasse, song og spelte piano.

Takkeoffer

Takkeoffera i 2014 gjekk til :

Kyrkjelydsarbeidet, ny kyrkje, Det norske bibelselskap, Sjømannskyrkja, Menighetsfakultetet, Sogn og Fj. krins av KFUK/KFUM, Lyngmo ungdomssenter, Det norske misjonsselskap, Kirkens bymisjon, Søndagsskulen, Kirkens SOS og Redd barna.

I alt kom det inn kr 29 592,- i offergåver, av denne summen gjekk kr. 14 770 til kyrkjelydsarbeidet.

Økonomi

Soknerådet disponerer tre kontoar i Sparebanken Vest.

Pr 31.12.2014 stod det på desse kontoane:

- Konto for ny kyrkje : kr 347 040,79
- Brukskonto : kr 7747,57
- Høgretekonto : kr 98 327,84

Årsstatistikk –

- Tal gudstenester : 33 Deltakarar : 2144
- Tal døypte: 12
- Konfirmerte: 20
- Vigsler: 5
- Gravferder: 10

Soknerådet vil takka alle som ein har samarbeidd med og som har gjort ein innsats gjennom siste året:

- Tekstlesarane
- Kaupanger skule, Furuli barnehage, Kaupanger bygdakor, Kaupanger skule og ungdomskorps, Nybø gartneri, Kaupanger bedehus og Knaken kafe.
- Dugnadsgjengen som er med og pyntar opp på kyrkjegarden
- Til sist ei takk til prestane og dei tilsette i kyrkja for alt arbeid som er lagt ned i kyrkjelyden i 2014.

Kaupanger 16.4.2014

For Kaupanger sokneråd
Aslaug Eikemo, skrivar.